



Husnes-pensjonistar og vertskap frå Uskedalen foran TI-arn Cafe før vandring og servering tysdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag svikta uskedelingane TI-arn Cafe, men heldigvis vart dei erstatta av pensjonistar frå Husnes!

I overkant av 40 var innom kafeen på dei fire timane den var open og av desse var rundt regna 30 frå Husnes. Det var turgruppa til Husnes-pensjonistane som hadde Uskedalen som mål denne dagen.

Kvar einaste tysdag klokka 11 går dei på tur og då ikkje berre rundt Husnes. Dei har vore både på Sunde og i Handelandsdalen og dei har vandra langs Postvegen. Og for ei tid tilbake var det kontakt mellom uskedelingar og husnesingar under ein trimdans på Husnes og då vart ideen om ein utflukt til Uskedalen sådd.

Dei vart teke godt hand om då dei kom denne tysdagen. Gunvor Myklebust og Esther Mørstad var turleiarar rundt dalen og gruppa vandra både ut på Neset og over Dønhaug med stopp på strategiske stader. Og så var det servering på TI-arn etterpå. Det var ingen tvil om at besøket var vellukka.

Men neste gong må også uskedelingane ta seg saman og komma på kafe, seier vertskapet..

Av Ola Matti Mathisen